



# BARNEKONVENSJONEN I KORTVERSJON

Omskriven for barn av Redd Barna



1

**BARNEALDEREN**

FNs barnekonvensjon gjeld for alle barn under 18 år.

2

**INGA DISKRIMINERING**

Ingen barn skal forskjellsbehandlast på grunn av sin eigen kultur eller foreldra sine, hudfarge, kjønn, språk, religion, bakgrunn, funksjonsnedsetjing eller meining.

3

**TIL BARNETS BESTE**

Vaksne skal gjere det som er best for barna.

4

**MYNDIGHETENES ANSVAR**

Staten har ansvar for at alle barn får rettane sine oppfylte.

5

**FORELDRE-RETTLEIING**

Staten skal respektere retten og plikta til foreldra eller andre nære personar til å gi barna dei råda som dei meiner er best for barnet.

6

**LIV OG FRAMTID**

Alle barn har rett til å vekse opp, utvikle seg og ha ei framtid.



7

**NAMN OG NASJONALITET**

Alle barn har rett til å ha eit namn og å høyre til eit land. Dei har også rett til å kjenne til foreldra sine og få omsorg frå dei, så langt det er mogleg.



8

**IDENTITET**

Alle barn har rett til å ha sin eigen identitet og få vere den dei er.

9

**BU MED FORELDRENE**

Alle barn har rett til å bu saman med foreldra sine, bortsett frå når dette ikkje er bra for barna.

10

**GJENFOREIING AV FAMILIEN**

Alle barn som ikkje bur i same land som foreldra sine, har rett til å ha kontakt med begge og til å søkje om å få bu saman.

11

**BORTFØRING TIL UTLANDET**

Ingen har lov til å ta barn ulovleg ut av landet sitt eller halde dei i utlandet ulovleg.

12

**Å SEIE MEINGANE SINE OG BLI HØYRT**

Alle barn har rett til å seie meiningane sine og ha påverknad i saker som angår dei.

13

**YTRINGSFRIDOM**

Alle barn har rett til å finne, få og spreie informasjon, så lenge det ikkje bryt med rettane til andre.

14

**TANKE- OG RELIGIONSFRIDOM**

Alle barn har rett til å tru og tenkje på det dei sjølve ønskjer, og bli respektert for det.

15

**ORGANISASJONSFRIDOM**

Alle barn har rett til å delta i organisasjonar og på samlingar.

16

**PRIVATLIV**

Alle barn har rett til privatliv.

17

**INFORMASJON OG MEDIUM**

Alle barn har rett til å få informasjon som er tilpassa barn, og dei skal vernast mot skadeleg innhald.

18

**FORELDREANSVARET**

Alle barn har rett til å bli oppdregne av begge foreldra sine, om det er mogleg.

19

**VERN**

Ingen barn skal utsetjast for fysisk eller psykisk skade eller misbruk.



20

**BARN SOM IKKJE BUR MED FAMILIEN**

Alle barn som ikkje bur med foreldra sine, har rett til å få vern og hjelp.

21

**ADOPSJON**

Adopsjon skal skje til det beste for barnet. Det betyr at den som blir adoptert, skal få det betre ved å bli adoptert.

22

**BARN PÅ FLUKT**

Alle barn som er flyktningar, har rett til å få den hjelpa og det vernet dei treng.

23

**BARN MED FUNKSJONS- NEDSETJINGAR**

Alle barn med psykiske og fysiske funksjonsnedsetjingar har rett til tilrettelegging, slik at dei kan delta, utvikle seg og ha opplæring på lik linje med andre barn.

24

**HELSE**

Alle barn har rett til eit godt helsetilbod.



25

**BARN I FOSTERHEIM ELLER PÅ INSTITUSJON**

Alle barn som ikkje bur med familien sin, har krav på at styresmaktene følgjer dei opp og sikrar at dei har det bra der dei bur.

26

**ØKONOMISK HJELP**

Alle barn har rett til økonomisk hjelp om foreldra deira ikkje har nok pengar til å gi dei ein trygg og god oppvekst.

27

**LEVESTANDARD**

Alle barn har rett til å ha god nok levestandard, slik at dei kan utvikle seg og ha ein meningsfull kvardag.

28

**SKULE**

Alle barn har rett til å gå på skule og ta utdanning.

29

**GOD SKULE**

Alle barn har rett til å gå på ein god skule, der dei får utvikle seg på ulike måtar og får respekt for menneskerettane, natur og forskjellige kulturar.

30

**URFOLK OG MINORITETAR**

Alle barn frå urfolk eller minoritetar har rett til saman med andre i si gruppe å snakke sitt eige språk, ha sin eigen kultur og si eiga tru.



31

**LEIK OG FRITID**

Alle barn har rett til leik, fritid og kvile, og til å delta i kunst- og kulturliv.



32

**ARBEID**

Alle barn har rett til at arbeid ikkje skal gå utover skule og helse. Arbeid skal ikkje vere farleg eller skadeleg.

33

**NARKOTIKA**

Alle barn har rett til å bli verna mot narkotika.

34

**SEKSUELL UTNYTTING**

Alle barn skal vernast mot seksuell utnytting og misbruk.

35

**BORTFØRING**

Bortføring og sal av barn er ulovleg.

36

**VERN MOT UTNYTTING**

Alle barn skal vernast mot utnytting som kan vere skadeleg.

37

**FENGSEL, STRAFF OG TORTUR**

Alle barn som har brote lova, har rett til at straffa ikkje skal vere skadeleg, og at fengsel blir brukt som siste utveg. Barn må aldri behandlast på ein umenneskeleg eller nedverdiggande måte.

38

**BARN I KRIG OG KONFLIKT**

Alle barn har rett til vern mot krig og konflikt. Barn skal aldri brukast som soldatar.

39

**HJELP**

Alle barn som har opplevd noko vanskeleg eller skadeleg, har rett til hjelp.

40

**LOVBROT**

Alle barn som har brote lova, har rett til å bli behandla med respekt og rettferd.

41

**NÅR ANDRE LOVER ER BETRE**

Om andre nasjonale eller internasjonale lover er betre for barn, skal dei følgjast i staden for FNs barnekonvensjon.

42

**KUNNSKAP**

Alle barn har rett til å kjenne til FNs barnekonvensjon og rettane sine. Staten skal gjere barnerettane kjende for alle barn og vaksne.

